

# **Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset på Nordfjordeid**

**Postboks 10  
6771 Nordfjordeid**

Til Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Fylkeshuset,  
Askedalen 2

6863 LEIKANGER

Nordfjordeid 28. august 2014

## **Vedkjem bustadstifting ved sjukehuset på Nordfjordeid**

Viser til dykkar brev dagsett 20.08.2014.

Innleiingsvis vil styret i Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset på Nordfjordeid peike på at ordninga med at fylkesutvalet oppnemner representantane til styret i stiftinga fungerer godt. Etter styret si meining vert føremålet med stiftinga, slik det kjem til uttrykk i §2, ivaretaken på ein god måte.

I overnemnte brev syner de til vedtak i fylkestinget i sak 46/12 knytt til vedtektsendringar ved bustadstiftingane i Lærdal, Førde og på Nordfjordeid. Styret i bustadstiftinga på Nordfjordeid ser at det med bakgrunn i endring av driftsansvaret for sjukehusa i Sogn og Fjordane kan vere behov for ein gjennomgang av kven som oppnemner representantar til styra i bustadstiftingane.

I tilfelle det er aktuelt å gjere endringar knytt til kven som nemner opp representantar til styret for bustadstiftinga ved Nordfjord sjukehus, meiner vi at følgjande modell bør kunne vere aktuell:

- Nordfjordkommunane (Nordfjordrådet) oppnemner ein representant til styret. Dette ma. sett i lys av Samhandlingsreforma, der Nordfjordkommunane ma. har inngått forpliktande samarbeid med Helse Førde HF knytt til både legevaktsentral og sengeavdeling lokalisert til Nordfjord sjukehus.
- Helse Førde HF oppnemner ein representant til styret, dette som leigetakar.
- Fylkeskommunen oppnemner ein representant til styret, dette som regionalpolitisk aktør.

Styret ser òg at det kan vere tenleg med ein breiare gjennomgang/revisjon av vedtekten, dette utover eventuelle endringar knytt til kven som oppnemner styret og namnet på stiftinga. Knytt til dette arbeidet, ynskjer styret at dette vert gjort i samråd seg med fylkeskommunen.

Avslutningis vil styret peike på at vi har hatt knapp tid til rådvelde knytt til å kome med innspel i høve overnemte brev. Dette gjer at framlegg vårt til ny modell for oppnemning av styrerepresentant ma. der Nordfjordrådet oppnemner ein representant, ikkje er sjekka ut med det regionale samarbeidsorganet.

Helsing

Olaug Solheim Rotihaug  
*styreleiar*  
-sign-

Gunn Karin Sande  
*nestleiar*  
-sign-

Lars-Svein Drabløs  
*styremedlem*  
-sign-

Kopi: Dagleg leiar Per Scott Olsen